

Generell rettleiing til alle typar søknadar om spelemidlar (anlegg for idrett og fysisk aktivitet)

Denne informasjonen her gjeld alle typar søknad:

- ordinære anlegg t.d. fotball, friidrett
- nærmiljøanlegg t.d. fleirbruksområde, trimparkar, skateboard, streetbasket
- turstiar / turveggar / skiløyper.

Søknadsfristen er som vanleg 15. oktober.

Kulturdepartementet har i 2019 gjort nokre endringar i ordninga. Endringane gjeld for anlegg som byggast etter 15.06.2019. Tidlegare søknadar behandlast i tråd med tidlegare reglar.

Den kanskje viktigaste endringa er at førehandsgodkjenninga blir avvikla. Samtidig er det framleis like viktig at anlegget er tilpassa krava til dei ulike idrettane / aktivitetane sin funksjonalitet, ergo er det behov for god planlegging. Dersom anlegg blir bygd med vesentlege manglar knytt til idrettsfunksjonalitet, vil det medføre til avslag på søknad og / eller inndraging av løyvde midlar. Dette betyr at de ikkje veit om søknaden er godkjent før de har fått tilbakemelding frå fylkeskommunen om at den er formelt i orden. Det veit søkjarane og kommunen normalt sett i løpet av februar månad for søknadar som vart sendte innan fristen 15. oktober. Er vi usikre på om vi har levert god nok dokumentasjon, er rådet å vente med å sette i gang. Samtidig må ein huske på at dette gjeld vesentlege manglar. Døme på vesentleg mangel er, iflg fotballforbundet, at ein bane er bygd utan å tilfredsstille minimumskrava for sikkerheitssonene. Om bana blir bygd ein meter for kort, er ikkje ein vesentleg mangel.

Når det gjeld «ikkje-idrettslege moment», som f.eks. eit tak på klubbhus eller ein idrettshall, då blir det ikkje fullt så avgjerande sidan dette uansett ikkje er idrettsfunksjonelle forhold som låg som del av idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Dette er moment ein må avklare i høve plan- og bygningslova, ref teknisk eining – byggesak.

Andre endringar går fram av brev frå Kulturdepartementet.

Idrettslag, velforeiningar og andre godkjente lag og organisasjonar kan søkje om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av anlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd. [Standard søknadsskiema må brukast](#). Søknadsskiemaet består av fem obligatoriske delar som alle må fyllast ut, sjå punktet «Krav til søknaden» lenger nede.

Det er utarbeidd ulik informasjon om spelemiddelordninga. Dette finn de på [Kulturdepartementet sine anleggssider](#) Her finn de også «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet». Ny versjon blir årleg gjort tilgjengeleg rundt primo august.

For gode tips før bygging av anlegg viser vi til nettsida [Gode idrettsanlegg](#). Dette er ein kunnskapsportal for idretts- og nærmiljøanlegg, og er eit samarbeidsprosjekt med bl.a. Kulturdepartementet, Norges Idrettsforbund og Paraolympiske komite. Her finn du:

- Nyheiter og idretts- og nærmiljøanlegg.

- Rettleiarar frå KUD og særforbund.
- Oversiktssider for ulike anleggstypar og tema med relevante dok og kontaktpersonar.
- Nyttige verktøy, sjekklister, støttedok etc
- Rapportar og publikasjonar frå forskning m.m.
- Gode forbildeanlegg
- Kan også finne gode tips på [Loa-fonden, Danmark](#)

Vi vil sterkt anbefale at de som ønskjer bygge anlegg og område brukar tid og ressursar på ei god behovsanalyse. Gjerne slik at anlegget får plass til fleire brukargrupper og med aktivitet på både dag-, ettermiddags- og kveldstid. God planlegging er grunnlag for gode anlegg og område.

Generelt

Anlegg som skal finansierast med støtte frå spelemidlar skal vere nemnt i [Kulturplan for Giske kommune 2016 – 2026](#) eller [vedlegg til kulturplanen](#). For nærmiljøanlegg er det berre dei anlegga med kostnadsramme på over kr 600.000,- som må vere del av kommunen sin kulturplan. Orienteringskart, og skilting / merking av eksisterande turvegar, tur- og skiløyper og turstiar er unntatt dette vilkåret. Handlingsprogrammet / prioriteringslista i planen blir rullert (endra) årleg. Då kan nye anlegg / prosjekt kome med. Prosjekt som ikkje er med i handlingsprogrammet / prioriteringslista vil ikkje kunne motta spelemidlar.

I publikasjonen «bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» finn de bl.a. informasjon om:

- Kven som kan søkje. Førehandsgodkjenning av vedtekter avviklast, men kommunane skal kontrollere at det er:
 - ideelt formål
 - majoritetseigd av organisasjon som er inkludert i ordninga.
- Kva de kan søkje støtte til og ikkje kan søkje støtte til.
- Aktuell lovgiving.
- Storleik på tilskot.
- Drift av og disposisjon over anlegget.
- Rehabilitering av anlegg eldre enn 20 år. Rehabilitering av nærmiljøanlegg kan som regel ikkje skje før anlegget er eldre enn 10 år.

Spesielt for tursti, turveg og skiløyper

Relevante dokument:

- [Tilrettelegging av turveier, løyper og stier](#)
- [Merkehandboka](#)

I tillegg til dei generelle krava gjeld at slike søknadar skal ha med:

- Kart som viser traséen for vegen.
 - Tursti: målestokk 1:50.000
 - Turveg: målestokk 1:5.000
- Beskriving av korleis vegen går inn i det samla sti- og turvegsystemet.
- Oppgåve over total lengde og breidde.
- Omtale av merking, varding og skilting. Ta gjerne også med skilt med litt informasjon om lokale namn, segn og soger, topografi m.m. då dette gir positiv ekstragevinst.
- Opplysningar om tilkomst til anlegget, inkl. parkering.
- Plan for drift og vedlikehald.
- For turveg:
 - Beskriving av masseutskifting, grøfting og andre dreneringstiltak, stikkrenner, berelag og toppdekke, tilsåing og andre tiltak for å skjerme fyllingar og skjeringar. NB! Eksisterande vassføring MÅ ivaretakast mest mogleg.
- For tursti:
 - Omtale av kva ryddetiltak som er planlagt, og ev tiltak i grunnen.
 - NB! De får berre tilskot til tursti dersom det klart går fram at traséen vil bli rydda for vegetasjon, eintydig skilta og at der ikkje er upasserbare hindringar som større elvar eller våte område med myr i traséen.
- De kan få tilskot til slike tiltak:
 - Rydding av vegetasjon
 - Klopper og bruer
 - Gjerdeoverganger, grinder
 - Informasjonstavler, skilting og merking
 - For tursti:
 - Mindre tiltak i grunnen (fjerning av stein, røter)
 - Kavlelegging
 - Rekkverk, trapper o.l. på utsette stadar
 - For turveg:
 - Bygging av sjølve turvegen
 - Ferister
 - Enkle over- og undergangar.

Plassering av alle desse tiltaka skal gå fram av kartet.

I tillegg kan det bli gitt tilskot til:

- Vegetasjonspleie inntil vegen (tynning, nyplanting og tilsåing)
- Trimapparat
- Natur- og kulturinformasjon
- Lys
- Varmestuer, toalett og tilrettelegging av kvileplassar
- Særskilte tiltak for funksjonshemma.

Spesielt for nærmiljøanlegg

- Kven kan søkje? Så lenge vedtektene for velforeiningar er i tråd med mønstervedtekter for Norges vel, og / eller at foreininga er medlem av Norges vel, så kan ei velforeining søkje spelemidlar til nærmiljøanlegg.
- Kva kan vi søkje støtte til? I tillegg til det som er nemnt i føresegnene, så kan de bl.a. søkje støtte til anlegg som er vist på:
 - <http://leikforum.net/>
 - <https://www.hivolda.no/sok?keys=ekte+leik>
- Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd rettleiar «Støyvurdering ved bygging av nærmiljøanlegg». Denne finn de her: <http://www.regjeringen.no/Upload/KKD/Idrett/302579-stoyveileder.pdf>. Denne blir handheva høve Plan- og bygningslova. Det vil difor vere ein fordel at de tidlegast råd får avklart om de får løyve til å etablere nærmiljøanlegget der de ønskjer. Snakk med byggesaksbehandlar i eining for bygg og anlegg.